



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 24.09.2015 kl. 15:15-17:45

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Ole Andreas Myrstad	Leiar	
Anne Grethe Lien	Nestleiar	(Til stades frå sak 46)
Reidun Melvær Norheim	Medlem	
Arne Fedøy	Medlem	
Stein Hugo Fykse	Medlem	
Jostein Vidar Takle	Medlem	
Jorunn Ringstad	Medlem	
Inger Lise Saltskår	Medlem	
Linda Karin Solheim	Medlem	

Forfall:

Oddvar Reidar Indrebø	Medlem
Åge Guddal	Medlem
Kari Berit Ness	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2015/44		Godkjenning av innkalling og dagsorden.	RUNE ZIENER
SR 2015/45		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 3. september 2015	RUNE ZIENER
SR 2015/46		Skriv og meldingar	RUNE ZIENER
FR 2015/47		Betalingsfri periode for gravleggingar	RUNE ZIENER
FR 2015/48		Budsjett 2016, økonomiplan 2017-2019	RUNE ZIENER
SR 2015/49		Kyrkjevalet 2015. Godkjenning av valbok.	RUNE ZIENER
FR 2015/50		Leiarlønn	RUNE ZIENER
FR 2015/51		Utviding Askvoll kyrkjegard. Trong for tilleggsøyving.	RUNE ZIENER

Askvoll, 24.09.2015

Rune Ziener
Referent

SR 2015/44 Godkjenning av innkalling og dagsorden.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SR 2015/45 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 3. september 2015

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll for møte 03. september 2015 som den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll for møte 03. september 2015 som den ligg føre.

SR 2015/46 Skriv og meldingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram:

M 41/2015 Askvoll kommune: *Ferdigattest jfr § 21-10 i plan- og bygningslova - Rehabilitering av Askvoll kyrkje* (06.08.2015)

M 42/2015 Bjørgvin biskop: *Til menighetene i Bjørgvin* (24.08.2015)

M 43/2015 Bjørgvin bispedømmeråd: *Holmedal kyrkjegard - Søknad om godkjenning av oppføring av mur langs gravplass* (07.09.2015)

M 44/2015 Kyrkjevalet 2015 - Evaluering

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar samt tilleggsmerknader som vart sett fram i møtet til orientering.

FR 2015/47 Betalingsfri periode for gravleggingar

UTGREIING

Betalingsfri periode for gravleggingar

Kyrkjeverja er i møte 03.09.2015 bedt av Askvoll sokneråd å utgreie sak for rådet for å få innført 30 års betalingsfri periode for alle nye gravleggingar, ikkje berre for gravlegging i tilvist grav.

Bakgrunnen for saka er at ein stor del av gravfestarane reagerer negativt på at festegravene ikkje vert betalingsfri ved ny gravlegging som er ordninga innanfor gjeldande regelverk. Mange meiner at dette strir med prinsippet om at alle har rett på fri gravlegging.

Same synspunkt vart også sett fram i NOU 2014:2 «Lik og likskap», som mellom anna tilrår at alle skal ha betalingsfri grav i 20 år (uavhengig av fredingstida på vedkommande gravplass). På landsbasis ville dette innebære eit inntektsbortfall for fellesråda på landsbasis på kr 47 millionar pr. år. Lae-utvalet la i utgreiinga til grunn at dette inntektsbortfallet skulle kompenseras for ved auke i dei statlege rammeoverføringane til kommunane. Forslaga i NOU 2014:2 er pr. i dag ikkje følgt opp av Kulturdepartementet.

Om ein lokalt i Askvoll ønskjer å innføre ei ordning med betalingsfri gravperiode, er det viktig at også dei økonomiske sidene ved ei eventuell omlegging vert vurdert.

Forutsetningar for regelendring

Kyrkjeverja har vore i kontakt med nasjonal gravplassrådgjevar når det gjeld føresetnader for ei omlegging av ordninga, og har fått opplyst at ein ikkje kjenner til fellesråd i landet som har gjennomført tilsvarande endring (men at i alle fall eitt anna kyrkjelege fellesråd er i gang med dette) . Såleis er det ikkje sett nokon fast prosedyre for formell endring. Med forslaget som ligg i Lae-utvalet var det lagt opp til endringar i gravferdslova for å innføre betalingsfri periode. Når gravferdslova no står uendra, trengs det lokale vedtak for å innføre ordninga.

Om ein skal endre regelverket slik at alle (med registrert bustadadresse) i kommunen skal ha fri grav i grava si fredingstid må dette først endrast i lokale gravplassvedtekter. I og med at ei omlegging vil få innverknad på samla festeinntektsnivå, er det også nødvendig med ei regulering av festeavgifta, samt at ein ikkje gjennom lokale vedtekter kan definere festa graver som ikkje-festa. Regulering av festeavgifter vert vedteke av kommunen (gravferdslova § 21).

Feste av grav oppstår på to måtar:

- når fredingstida (og den betalingsfrie perioden) er ute, kan grava festast, og evt. nyttast til ny gravlegging.

- Når ei kistegrav blir teken i bruk, er det høve til å feste ei grav (evt. pluss ytterlegare éi tilleggsgrav) ved sidan av.

Heimel for å kunne krevje festeavgift finst i Gravferdsloven § 14: *Kirkelig fellestråd kan inngå avtale om feste av grav etter nærmere regler og vilkår fastsatt i gravplassens vedtekter. For feste av grav kan det kreves avgift.*

Dette er regulert i lokale gravplassvedtekter for Askvoll.

Om ein vil innføre ordning med betalingsfri grav for alle i fredingstida, kan ein føreta slik justering (gjennomstreka tekst vert teke ut og tekst i kursiv vert lagt til):

§ 1 GRAVPLASSTILHØYRING

Avlidne personar innan kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ønskje, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune. ~~Dei har rett til fri grav såframt grava vert tilvist.~~ *Grav er fri for festeavgift i fredingstida etter kvar nye gravlegging. Ny festeperiode begynner etter den betalingsfrie perioden.*

Dette gjeld óg om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

Avlidne personar frå andre kommunar kan verte gravlagde i kommunen mot at kostnadene ved gravferda og avgift som for feste av grav vert betalt.

Nivå på festeavgift vert fastsatt av kommunen.

§ 21. Vedtekter og avgifter. Avgifter for bruk av gravkapell, kremasjon og feste av grav fastsettes av kommunen etter forslag fra fellestrådet.

Om Askvoll sokneråd ønskjer å innføre betalingsfri gravperiode i fredingstida må ein også ha ei regulering av avgiftssatsane. Dette er fordi ein ikkje kan omdefinere aktuelle gravkategoriar til ikkje å vere festegraver. Så lenge kommunens vedtak om avgiftssatsar ligg fast, er gravene avgiftspliktige.

Fellestrådet kan foreslå for kommunen endring i festeavgift slik (nytt pkt. i kursiv):

Feste av grav: kr 150,- pr. år.

Feste av grav for graver yngre enn 30 år (for urnegraver yngre enn 20 år-) etter sist gravlegging: kr 0,- pr. år.

Feste av grav for graver eldre enn 70 år etter sist gravlegging: kr 225,- pr år.

Gravlegging i festeperioden

Ein bør sikre ei enkel administrasjonsordning om ein vel å innføre betalingsfri gravperiode.

Derfor bør ein regulere i lokale vedtekter kva konsekvens ei gravlegging i festa grav i festeperioden får. Festeavgift vert forskotsbetalt for ein periode på fem år av gangen.

Gravlegging i festeperioden bør ikkje føre til endring i gjeldande festeavtale, men resterande festetid ved ei eventuell gravlegging i perioden bør ein sjå bort frå. Dette kan ein regulere slik:

Eventuell resterande tid av gjeldande festeavtale vert ikkje teke omsyn til når festa grav

vert nytta til ny gravlegging.

Alternativt kunne ein anten forlenge betalingsfri periode ut over 30 år, eller ein kunne tilbakebetale innbetalt festeavgifta for resterande periode til festar. Ingen av desse alternativa er å tilrå.

Utanbygds gravlegging

Askvoll sokneråd må ta stilling til om avlidne utan fast bustad i kommunen skal ha rett til betalingsfri grav. Det er berre eit fåtal slike gravleggingar i Askvoll kvart år. Med dagens regelverk vert det kravd festeavgift for alle utanbygds gravleggingar (unntatt dersom det allereide ligg føre gyldig festeavtale for vedkommande grav). I forslaget er det ikkje føreslege at utanbygds gravleggingar skal vere friteke for festeavgift fordi alt øvrig regelverk i lov og forskrift føreset at det er kommunen sine eigne innbyggjarar det offentlege skal bere gravleggingskostnadene for.

Dersom betalingsfri periode også skal gjelde for utanbygds gravleggingar, treng dette ikkje å verte spesifisert i vedtektene om ein føreset at kommunen vedtek festesats kr 0,- for graver yngre enn 30 (20) år. Om betalingsfri periode *ikkje* skal gjelde utanbygds gravleggingar, må dette spesifiserast i gravplassvedtektene slik (ny tekst i kursiv):

Avlidne personar frå andre kommunar kan verte gravlagde i kommunen mot at kostnadene ved gravferda og avgift som for feste av grav vert betalt.

Fritak for festeavgift i grava si fredingstid gjeld ikkje for desse gravleggingane.

Urnegraver


I utgreiinga er det ikkje teke omsyn til gravlegging av urne i festa grav. Med endringsforslaget som er sett fram, vil likevel urnegraver vere omfatta, men berre med 20 års betalingsfri periode. Om ein også ønskjer at urnegraver skal ha 30 års betalingsfri periode, må dette verte innarbeidd særskilt i vedtektene. Den økonomiske effekten av betalingsfri periode for urnegraver er heilt marginal for soknet. Det er svært få urnegravleggingar pr. år i Askvoll, og langt dei fleste urnegravleggingar er utanbygds.

Økonomisk-administrative konsekvensar

Ei eventuell innføring av ordning med betalingsfrie graver fører til eit framtidig inntektsbortfall for soknet på om lag kr 80.000- 100.000,- pr. år (i 2015-kroner). Innfasing av eit inntektsbortfall får full verknad 26 år etter ny praksis er iverksett (sjå graf).

Føresetnader for kalkylen: Tal gravleggingar held seg stabilt som for 2011-2014 og prosentandel som vert gravlagd i festegrav er 50% (som er nytta berekninga i NOU 2014:2), eller 64% (tilsvarar det som går fram av statistikk i Ecclesia* sin kundedatabase).

*Ecclesia er eit av dei to hovudprogramma som vert nytta nasjonalt i gravforvaltinga.



Soknerådet bør vurdere den økonomiske effekten av eit slikt inntektsbortfall.

Ein kan vurdere å kompensere for dette med ei generell auke i festeavgiften, eller ein kan sjå inntektsbortfallet i samanheng med at ein i 2014 og 2015 har utført eit omfattande arbeid med kartlegging av ukjente gravfestarar og gjenopptak av tidlegare utløpte festeavtalar.

Dersom Askvoll sokneråd ønskjer å innføre betalingsfri gravperiode på 30 år for alle som var busett i kommunen vert samla regelendringsforslag slik:

1. Lokale gravplassvedtekter for Askvoll kommune vert justert slik (gjennomstreaka tekst vert teke ut og tekst i kursiv vert lagt til):

§ 1 GRAVPLASSTILHØYRING

Avlidne personar innan kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ønskje, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune. *Dei har rett til fri grav såframt grava vert tilvist. Grav er fri for festeavgift i fredingstida etter kvar nye gravlegging. Ny festeperiode begynner etter den betalingsfrie perioden. Eventuell resterande tid av gjeldande festeavtale vert ikkje teke omsyn til når festa grav vert nytta til ny gravlegging.*

Dette gjeld óg om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

Avlidne personar frå andre kommunar kan verte gravlagde i kommunen mot at kostnadene ved gravferda og avgift som for feste av grav vert betalt. *Fritak for festeavgift i grava si fredingstid gjeld ikkje for desse gravleggingane.*

2. Askvoll sokneråd tilrår at festeavgifta for gravplassane i Askvoll vert justert slik:

Feste av grav: kr 150,- pr. år.

Feste av grav for graver yngre enn 30 år (for urnegraver yngre enn 20 år-) etter sist gravlegging: kr 0,- pr. år.

Feste av grav for graver eldre enn 70 år etter sist gravlegging: kr 225,- pr år.

3. Søknad om godkjenning av endra vedtekter vert sendt Bjørgvin bispedømmeråd.
4. Forslag om endra nivå på festeavgifter vert sendt til Askvoll kommune for endeleg vedtak.
5. Endringane trer i kraft frå 01.01.2016.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Forslag frå Anne Grethe Lien vart sett fram i møtet:

Askvoll sokneråd ønskjer å innføre betalingsfri gravperiode på 30 år (20 år for urnegrav) for alle som var busett i kommunen og går inn for slik regelendring:

1. Lokale gravplassvedtekter for Askvoll kommune vert justert slik (gjennomstreka tekst vert teke ut og tekst i kursiv vert lagt til):

§ 1 GRAVPLASSTILHØYRING

Avlidne personar innan kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ønskje, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune. ~~Dei har rett til fri grav såframt grava vert tilvist.~~ *Grav er fri for festeavgift i fredingstida etter kvar nye gravlegging. Ny festeperiode begynner etter den betalingsfrie perioden. Eventuell resterande tid av gjeldande festeavtale vert ikkje teke omsyn til når festa grav vert nytta til ny gravlegging.*

Dette gjeld óg om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

Avlidne personar frå andre kommunar kan verte gravlagde i kommunen mot at kostnadene ved gravferda og avgift som for feste av grav vert betalt. *Fritak for festeavgift i grava si fredingstid gjeld ikkje for desse gravleggingane.*

2. Askvoll sokneråd tilrår at festeavgifta for gravplassane i Askvoll vert justert slik:

Feste av grav: kr 150,- pr. år.

Feste av grav for graver yngre enn 30 år (for urnegraver yngre enn 20 år-) etter sist gravlegging: kr 0,- pr. år.

Feste av grav for graver eldre enn 70 år etter sist gravlegging: kr 225,- pr år.

3. Søknad om godkjenning av endra vedtekter vert sendt Bjørgvin bispedømmeråd.
4. Forslag om endra nivå på festeavgifter vert sendt til Askvoll kommune for endeleg vedtak.
5. Endringane trer i kraft frå 01.01.2016.

Jorunn Ringstad sette fram forslag om at orda "yngre enn" i pkt. om justering i festeavgift vert erstatta med "inntil".

SAMRØYSTES VEDTAK

Askvoll sokneråd ønskjer å innføre betalingsfri gravperiode på 30 år (20 år for urnegrav) for alle som var busett i kommunen og går inn for slik regelendring:

1. Lokale gravplassvedtekter for Askvoll kommune vert justert slik (gjennomstreaka tekst vert teke ut og tekst i kursiv vert lagt til):

§ 1 GRAVPLASSTILHØYRING

Avlidne personar innan kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ønskje, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune. ~~Dei har rett til fri grav såframt grava vert tilvist.~~ *Grav er fri for festeavgift i fredingstida etter kvar nye gravlegging. Ny festeperiode begynner etter den betalingsfrie perioden. Eventuell resterande tid av gjeldande festeavtale vert ikkje teke omsyn til når festa grav vert nytta til ny gravlegging.*

Dette gjeld óg om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

Avlidne personar frå andre kommunar kan verte gravlagde i kommunen mot at kostnadene ved gravferda og avgift som for feste av grav vert betalt. *Fritak for festeavgift i grava si fredingstid gjeld ikkje for desse gravleggingane.*

2. Askvoll sokneråd tilrår at festeavgifta for gravplassane i Askvoll vert justert slik:

Feste av grav: kr 150,- pr. år.

Feste av grav for graver inntil 30 år (for urnegraver inntil 20 år-) etter sist gravlegging: kr 0,- pr. år.

Feste av grav for graver eldre enn 70 år etter sist gravlegging: kr 225,- pr år.

3. Søknad om godkjenning av endra vedtekter vert sendt Bjørgvin bispedømmeråd.
4. Forslag om endra nivå på festeavgifter vert sendt til Askvoll kommune for endeleg vedtak.
5. Endringane trer i kraft frå 01.01.2016.

FR 2015/48 Budsjett 2016, økonomiplan 2017-2019

UTGREIING

Kyrkjelege fellesråd og sokneråd skal etter økonomiforskriftene § 3, kvart år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Planen skal gi eit realistisk oversyn over

- forventa inntekter og utgifter i perioden
- prioriterte oppgåver i perioden

Planen skal gi grunnlag for fastsetjinga av storleiken på kommunale drifts- og investeringstilskot. Det er sett frist til 28.09.2014 for innmelding av behov til Askvoll kommune.

I budsjetttrundskriv frå kommunen er det førebels lagt inn ei driftsløyving på kr 3,669 millionar (vidareføring av 2015-tilskot pluss kr 87.000,- i lønns- og prisvekst).

I tillegg ligg det inne i kommunen sin økonomiplan kr 800.000,- til brannsikring av Vilnes kyrkje. Resterande investeringsbehov i soknet sin økonomiplan 2015-2018 er ikkje teke med i kommunen sin økonomiplan.

Planforslaget er ei vidareføring av driftsnivå som i dag i heile planperioden, men inneheld nokre endringar i investeringsprosjekt i forhold til tidlegare økonomiplanar.

DEL 1: Investeringar Askvoll sokn – økonomiplan 2015-2018

I økonomiplanforslaget for 2016-2019 er det gjort nokre endringar i forhold til tidlegare økonomiplan. Det er lagt inn kr 1,1 millionar til rehabilitering av sanitærom og nytt golvdekke/varmesystem til Kvammen kapell med prioritet allereie i 2016. I Askvoll kommune sitt budsjettvedtak for 2015 vart det ikkje løyvd nok midlar til nødvendig rehabilitering av kapellet. Når dette er ført opp på ny for 2016 er samtidig ønska løyving til rehabilitering av kyrkjeorgelet i Askvoll utsett til 2018.

I løpet av 2015 fekk Askvoll sokn overført kr 400.000,- frå Herland bedehusforening. I økonomiplanforslaget er det føreslege at kr 200.000,- av desse vert nytta til lyssetting ved kyrkja og tilkomstveg og kr 200.000,- til brannsikring. Prosjekta er føreslege realiserte i 2016.

Det er lagt inn ein liten reduksjon i prosjekt for galleritrapp og HC-inngang til Holmedal kyrkje i 2017. Galleritrapp er teke ut av investeringsplanen, og lagt inn i forslag til VU-plan for soknet.

Oversyn - behov for investeringstilskot frå Askvoll kommune (tal i NOK 1000)

PROSJEKT	2016	2017	2018	2019
Rehabilitering av sanitærom (universell utforming), golv og varme, Kvammen kapell	<u>1100</u>			
Finansiering : Askvoll kommune:	-1100			
Vilnes kyrkje – Lyssetting ved kyrkje, parkering og gravplass	<u>250</u>			
Finansiering: Askvoll kommune	0			
Eigenfinansiering:	-250			
Vilnes kyrkje – Brannsikring	<u>1000</u>			
Finansiering: Askvoll kommune	-800			

Eigenfinansiering:	-200			
Holmedal kyrkje –HC-tilkomst ved hovudinngang		<u>150</u>		
Finansiering: Askvoll kommune		-120		
Eigenfinansiering:		-30		
Holmedal kyrkje - Skifte kledning og overflatebehandling		<u>500</u>		
Finansiering: Askvoll kommune		-500		
Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning		<u>-1080</u>		
Finansiering: Askvoll kommune		-1080		
Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjeorgel			<u>870</u>	
Finansiering: Askvoll kommune			-770	
Eigenfinansiering:			-100	
Askvoll kyrkje – Takreparasjon			<u>1500</u>	
Finansiering: Askvoll kommune			-1500	
SUM PR. ÅR INVESTERINGAR	<u>2350</u>	<u>1730</u>	<u>2270</u>	<u>0</u>
Investeringstilskot frå kommunen	<u>-1900</u>	<u>-1700</u>	<u>-2370</u>	<u>0</u>

PROSJEKTOMTALAR

2016:

Kvammen kapell - Restaurering og utbetring av fuktskadar

Askvoll kommune har løyvd i overkant av 2 millionar i 2015 for å utbetre fuktskadar på Kvammen kapell, samt endre på takkonstruksjon og bytte ytterdører for å hindre vidare fuktinntrenging. Det er ikkje løyvd midlar til å føreta utbetringar innvendig i bygget.

I tilstandsanalyse og tiltaksplan (frå 2014) frå Norconsult er det mellom anna tilrådd at ein også førete ei fullstendig rehabilitering av sanitærromma ved inngangspartia. I tillegg er det tilrådd eit tilbygg med sanitærrom med forskriftsmessig universell utforming. Desse delprosjekta er kostnadsrekna til ca. kr 1,05 millionar.

I tillegg bør golvdekket i inngangsparti, skip og sidesal byttast ut, gjerne kombinert med ei ny golvvarmeløysing då dagens varmesystem er gammalt og ikkje fungerer som det skal. Eksisterande golvdekke er eit gammalt heildekkande teppe som framstår som slitt og fuktskadd.

Dette er ikkje kostnadsrekna.

Truleg vil ein kunne finne ei akseptabel løysing med universelt utforma sanitærdel ved å redusere tala toalettrom, så ein ikkje treng påbygg, og kan såleis komme ut med ei rimelegare løysing enn tiltaksplanen sine pkt. 2 og 3. I økonomiplan er det lagt inn stipulert beløp kr 800.000,- til rehabilitering av sanitærromma, samt 300.000,- til golv og varme.

Finansieringsbehov:

Kr 1,1 mill (100% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken

Konsekvens ved manglande løyving:

Bygget vil framstå som i dårleg forfatning, då særleg sanitærromma og golvdekket.

Problem ein har hatt med dårlege varmekablar vil vere fornya og funksjonelt for lang tid framover.

Vilnes kyrkje – Lyssetting ved kyrkje, parkering og gravplass

Det ikkje noko lyssetting ved Vilnes kyrkje anna enn eit par enkle utelamper på kyrkja. På parkeringsplassen og på tilkomstvegen er det ikkje noko lys. Brukarar av kyrkja er misnøgde med situasjonen, og utan lyssetting kan det oppstå farlege situasjonar. Det bør

monterast lys på tilkomstveg og parkeringsplass, langs gangveg inne på gravplassen og opplysning av kyrkja.

Finansieringsbehov:

Kr 250.000,- (0% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte finansiert av fondsmidlar (motteken gåve i 2015).

Konsekvens ved manglande løyving:

-

Vilnes kyrkje – Brannsikring

Vilnes kyrkje står i ei særstilling i distriktet sett ut frå antikvariske omsyn. Det er derfor viktig å sikre bygget mellom anna mot brann. Pr. i dag er det ikkje tilfredsstillande brannsikring av Vilnes kyrkje, og det er heller ikkje tilfredsstillande tilgang til slokkemidlar. Ein bør vurdere automatiserte sikringstiltak på bygget, som t.d. sprinkling eller vanntåkeanlegg og eit godt overvåkingssystem. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Finansieringsbehov:

Kr 1 mill (80% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

Konsekvens ved manglande løyving:

Vilnes kyrkje vil ikkje vere tilfredsstillande sikra mot brann.

2017:

Holmedal kyrkje – HC-tilkomst ved hovudinngang

Det er heller tilfredsstillande tilkomst til kyrkjerommet for rullestolbrukarar m.v. Kyrkje hovudinngang eller sideinngangar har trappefri tilkomst. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Finansieringsbehov:

Kr 150.000,- (80% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

Konsekvens ved manglande løyving:

Rullestolbrukarar m.v. vil ikkje ha den tilkomstmoglegheiten til kyrkjebygget dei har krav på etter regler om universell utforming.

Holmedal kyrkje – Utsifting av kledning og overflatebehandling

Noko av kledningen på Holmedal kyrkje har råteskader og bør skiftast ut, særleg gjeld dette ved inngangspartiet. Vidare framstår bygningen som dels malingsslitt og bør malast opp igjen.

Finansieringsbehov:

Kr 500.000,- (100% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

Konsekvens ved manglande løyving:

Kyrkjebygget vil framstå som malingsslitt

Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning

I samband med prosjektering av utviding av Askvoll kyrkjegard er det planlagt ei ny driftsavdeling på nytt gravplassareal. På driftsavdelinga er det og planlagt driftsbygning med garasje og lagringsplass for diverse driftsmateriell. I tillegg er det planlagt santitærdel

og pauserom for å gi tilfredsstillande arbeidsforhold for dei tilsette på gravplassen. Det ligg ikkje føre endeleg kostnadsrekning på prosjektet.

Finansieringsbehov:

Kr 1,08 mill (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglande løyving:

Askvoll kyrkjegard vil ikkje framstå som funksjonell m.o.t. driftsforhold sett opp mot dagens forventa standard.

2018:

Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjetak

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Taket er undersøkt av byggfagleg kompetanse, og det er tilrådd at ein innafor ein tiårsperiode førete restaureringsarbeid med sikring, evt. utskifting av takstein. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Finansieringsbehov:

Kr 1,5 mill (100% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

Konsekvens ved manglande løyving:

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen.

Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjeorgel

Kyrkjeorgelet i Askvoll kyrkje er 110 år gammalt og er i 2014 vurdert av orgelbygger. I tilstandsvurderinga vert det sagt at orgelet er av slik handverksmessig kvalitet at det er verdt å ta vare på. Tilstanden generelt er sagt å være «relativt ok», men vert vidare vurdert å vere «begrenset brukbart». Det er trong for diverse reparasjonar for å få orgelet funksjonelt, men det er tilrådd ei større restaurering. Ein har fått tilbod både på reparasjon (utbetring av dagens feil) og ei full restaurering med driftsgaranti for 10 år, som gir eit driftssikkert orgel for framtida.

Finansieringsbehov:

Alt. 1: Reparasjon; Kr 270.000,- (63% kommunal finansiering)

Alt. 2: Full restaurering; Kr 870.000,- (89% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ikkje funksjonell orgelløysing.

DEL 2: Drift

I planforslaget er det lagt opp til uendra, fast driftsnivå samanlikna med 2015. Oppsettet opererer med eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

1.1.0 Utgifter

1.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra driftsnivå frå 2015.

Driftsprosjekt - kartlegging av gravfestarar og reetablering av utløpte festeavtalar.

I tillegg er lagt inn ei vidareføring av mellombels administrasjonsressurs på 20% gjennom heile året for å arbeide med kartlegging av festarar og etablering av nye festeavtaler, i og med at ein har eit etterslep på dette arbeidet fleire år tilbake i tid. Auka festeinntekter er lagt inn som finansiering av dette prosjektet med kostnad kr 111000,-.

Dette arbeidet er viktig å halde fram med, fordi ytterlegare etterslep vil gi forsterke framtidig inntektsbortfall samt gjere gravplassforvaltinga meir komplisert.

Samla budsjettert utgift for 2016 er kr 2.720.000,- opp 3% frå kr 2.634.000,- i 2015-budsjettet.

1.1.2 Kjøp av varer og tenester

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, m.v. utgjør i forslaget kr 895.000,-, som er vidareføring frå ØP 2015 med tillegg av 2,1% i prisvekst .

I tillegg er det lagt inn auke for kostnad til rekneskapsføring, som ikkje låg inne i førre økonomiplan.

I tillegg er det føreslege brukt kr 275.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2016.

Totalt til vare og- tenestekjøp, kr 1.170.000,-

VU-plan 2016

Tiltak	Stip. utgift
AV-utstyr	20000
Oppbevaringsløyning, Askvoll kyrkje	10000
Oppbevaringsløyning, Kvammen kapell	10000
Stabsutviklingstiltak	15000
Galleritrapp Holmedal kyrkje	100000
Utstillingsmonter til messehakel i Holmedal	10000
Utbetring av lekkasje og sikring av tilkomst til klokketårn i Vilnes	50000
Automatisk varmestyring Holmedal kyrkje	10000
Uføresett vedlikehald	50000
SUM	275000

1.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 50.000,- til lyssetting ved Vilnes kyrkje.
- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 10.000,- til kapitalinnskot, KLP.
- Refusjonar for leige av bedehusapella med kr 50.000,-.
- Driftsmargin, kr 59.000,- er føreslege avsett til disposisjonsfond.

Totalt kr 189.000,-

1.2.0 Inntekter

1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornying. Det er registrert ca. 90 festeutløp i 2016, men arbeidet med å reetablere eldre avtalar held fram. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2016 er i forslaget sett til 220 stk. og det er då rekna inn reetablering av om lag 130 tidlegare utløpte festeavtalar, som til saman vil gi ein minsteinntekt på kr 165.000,-. I tillegg kan ein stipulere kr 40.000,- ekstra som følgje av at ein frå 2016 truleg vil inngå langt fleire festeavtalar for graver eldre enn 70 år. Om det vert innført betalingsfri gravperiode for alle graver i fredingstida vil om lag kr 15.000,- komme til innteksreduksjon.

Samla stipulat for festeavgift i 2016 vert sett til kr 190.000,-

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 12.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total inntekt er sett til kr 205.000,-.

1.2.2 Refusjonar og overføringar

Refusjon frå Askvoll kulturskule for utleige av muskar, stipulert kr 167.000,-.

1.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskot i samsvar med budsjetttrundskriv frå kommunen, kr 3.669.000,-

1.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 20.000,- i gåve og offerinntekter til kyrkjene.

HOVUDOPPSETT FORVALTNING

Utgifter					
Lønn og sosiale utgifter	2720000				
Kjøp av varer og tenester	1170000				
Refusjonar og overføringar	189000				
Sumutgifter	4079000				
Inntekter					
Brukarbetaling, sal, avgifter	-185000				
Refusjonar og overføringar	-205000				
Rammetilskot eigen kommu	-3669000				
Andre tilskot og gåver	-20000				
Sum inntekter	-4079000				
Differanse	0				

2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

2.1 Teneste 04400: Anna kyrkjeleg verksemd

Under dette delkapitlet ligg det budsjettpostar knytt til andre kyrkjelydsaktivitetar, t.d. medarbeidarfest, kyrkjekaffi, kyrkjemusikk etc., samt ofringar og innsamlingar til eksterne mottakarar. Ofringar til eksterne mottakarar og innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp ligg med kalkulatorisk effekt og vil ikkje påverke driftsresultatet.

TENESTE 04400 Anna kyrkjeleg verksemd	Beløp
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	15000
Arrangement	15000
Overføring av ofringar og innsamla midlar	50000
Kirkens Nødhjelp	35000
Offer/innsamla til eiga verksemd	-30000
Offer/innsamla til andre	-50000
Kirkens Nødhjelp	-35000
Differanse	0

2.2. Teneste 04432: Trusopplæring

TENESTE 04432 Trusopplæring	
Fast lønn	190000
KLP	30000
Arbeidsgivaravgift	24000
Forbruksmateriell, utstyr og tenester	80000
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	10000
Opplæring, kurs	5000
Leige av lokale og grunn	3000
Refusjon til andre	2000
Betaling frå deltakarar	-39000
Tilskot frå staten	-305000

Differanse	0
------------	---

2.3 Teneste 04479: Kyrkjeblad

Trykkekostnader for kyrkjebladet bør finansierast ved annonsesal og bladpengar/gåver. Ein god layout med fargestrykk er relativt kostbart, og inntekter på 2014-nivå vil ikkje fullfinansiere dette. Det er eit mål med fire publikasjonar årleg for å halde god kontinuitet i publikasjonane.

Ein må vurdere tiltak for å auke inntektene, eller alternativt redusere talet utgivelser for å sikre ein berekraftig driftsøkonomi for bladet.

TENESTE 04479 Kyrkjeblad	Beløp
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	110000
Post, bank, telefoni og datalinjer	6000
Sal av varer og tenester	-116000
Differanse	0

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag 2016 og økonomiplan 2017-2019 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Ein ber såleis om kr 3.669.000,- i driftstilskot frå Askvoll kommune for 2016.
3. I tillegg ber ein om auke i investeringstilskot med kr 1,1 millionar for rehabilitering av sanitærrom og nytt golvdekke og varmesystem i Kvammen kapell i tillegg til dei 800.000,- til brannsikring av Vilnes kyrkje, som ligg i økonomiplan 2016.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag 2016 og økonomiplan 2017-2019 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Ein ber såleis om kr 3.669.000,- i driftstilskot frå Askvoll kommune for 2016.
3. I tillegg ber ein om auke i investeringstilskot med kr 1,1 millionar for rehabilitering av sanitærrom og nytt golvdekke og varmesystem i Kvammen kapell i tillegg til dei 800.000,- til brannsikring av Vilnes kyrkje, som ligg i økonomiplan 2016.

SR 2015/49 Kyrkjevalet 2015. Godkjenning av valbok.

UTGREIING

Det er utarbeidd valbok med vedlegg etter Kyrkjevalet 2015.

Etter valreglar § 11-6 skal valboka takast inn i soknerådet sin møtebok og signerast av dei soknerådsmedlemmer som er til stades i møtet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek valbok for kyrkjevalet 2015.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek valbok for kyrkjevalet 2015.

FR 2015/50 Leiarlønn

UTGREIING

Saksutgreiing låg ikkje føre til møtet.

Lønnskrav for leiarlønn vart lagt fram i møtet.

INNSTILLING

Ingen

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Ole Andreas Myrstad får fullmakt til lønnsforhandlingar for leiarlønn med tilbod om 3,2+0,2% tillegg.

FR 2015/51 Utviding Askvoll kyrkjegard. Trong for tilleggsøyving.

UTGREIING

Ved gjennomgang av kontrollrekning for arbeidet med utviding av Askvoll kyrkjegard viser at overskridingane vert større enn ein tidlegare rekna med. Det ligg enno ikkje føre endelege tal, men byggjeleiar opplyser at samla kostnad for opprydding av avfallsplassen ligg an til å vere omlag kr 900.000,-.

Arbeid som er utført og inngått kontrakt på er på ca. 2,81 millionar.

Ein har budsjettert finansiering på 2,778 millionar for heile prosjektet.

For å kunne ta til på trinn 2 (anleggsgartner-, elektro- og gartnerarbeid) i prosjektet bør ein søkje

Askvoll kommune om auka investeringsramme på prosjektet inneverande år.
Endeleg søknadsbeløp vert fastsett når kontrollrekningane er ferdig.

Budsjett - Askvoll gravplass

Kontrakssum 1	1402527
Ca. overskriding anlegg	100000
Ca. overskriding avfall	770000
Frå kontrakt 2	170000
<hr/> Sum entreprenør	<hr/> 2442527
Eigedom	175000
Konsulenttenester	196000
Sum utført arbeid	<u>2813527</u>
Budsjettert finansiering	2778000
<hr/> Manglande finansiering, tr. 1	<hr/> -35527
Tiltak, trinn 2	769500
Manglande prosjektfinsiering totalt	<u>-805027</u>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek å søkje om auka investeringstilskot i 2015 til prosjekt for utviding av Askvoll kyrkjegard for å ferdigstille prosjektet.
2. Kyrkjevevja utarbeidar kalkyle for endeleg finansieringsbehov når kontrollrekningar for utført arbeid er ferdige.
3. Kyrkjevevja innarbeider nødvendige justeringar i investeringsbudsjett for 2015 som følgje av overskridingane.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek å søkje om auka investeringstilskot i 2015 til prosjekt for utviding av Askvoll kyrkjegard for å ferdigstille prosjektet.
2. Kyrkjevevja utarbeidar kalkyle for endeleg finansieringsbehov når kontrollrekningar for utført arbeid er ferdige.
3. Kyrkjevevja innarbeider nødvendige justeringar i investeringsbudsjett for 2015 som følgje av overskridingane.